

SAK 12/14 STRATEGISK PLAN FOR HALLINGDAL, OPPSTART REVIDERING

Saksopplysning

Utgangspunktet for ein strategisk plan for Hallingdal er m.a.:

- I vedtektene til Regionrådet § 8 står det at det skal utarbeidast plan med ein langsiktig mål- og strategidel og eit handlingsprogram
- Regionrådet for Hallingdal og Buskerud fylkeskommune har ei eigen partnerskapsavtale (2009 – 2012). Formålet er at denne avtale skal vera med å utvikle regionen i eit bærekraftig perspektiv med utgangspunkt i regional delplan sine målsettingar. Avtala forpliktar til og følgje opp prioriterte samarbeidsområde gjennom årlege gjennomføringsavtaler, konkrete tiltak/prosjekt samt finansiering av desse.
- Dersom det regionale samarbeidet skal drivast planmessig og ut frå nokre prioriterte arbeidsområde, er det nødvendig med eit langsiktig og strategisk dokument.

Regionrådet for Hallingdal sin fyrste strategiske plan vart vedtek av kommunane i slutten av 1997 og galdt for perioden 1998 – 2001.

I sak 03/06 vedtok Hallingtinget sist vedteken Strategisk plan for Hallingdal, i utgangspunktet for perioden 2006 – 2010 (vedlegg 1). Og i sak 08/06 vedtok Hallingtinget forslag til handlingsprogram for perioden 2006 – 2010 (vedlegg 2).

Følgjande satsingsområde er/har vore prioritert i siste planperiode:

- Samhandling
- Kompetanse
- Innovasjon, næringsliv, rekruttering
- Infrastruktur

Ut frå desse satsingsområda er det definert mål og konkrete tiltak. Fleire av måla har gjennom tid fått endringar i ordlyd, men er til dels samanfallande og grip inn i kvarandre.

Strategisk plan for Hallingdal vil vera ein overordna regional plan. I begrepet strategisk ligg det at planen skal vera målretta og omfatte nokre utvalte innsatsområde. Planen skal i fyrste rekke innehalde tiltak som har betydning for regionen og som må løysast regionalt, eller i samarbeid med kommunane, fylkeskommune, næringsliv eller andre instansar.

Dersom planarbeidet skal ha som eit hovudmål å finne ut kva for oppgåver - mål og strategiar det kommunale og fylkeskommunale nivå skal stå saman om, kan planen vurderast definert som ein fylkesdelplan. Kan ein tenke seg at planen på enkelte områder vil gå på tvers av vedtekne fylkeskommunale planer eller det er ynskjeleg med meir regional prosess og plan, kan det vera rett å definere planen som ein strategisk plan for Hallingdal noko som har vore gjort tidlegare. Ein strategisk plan som eit interkommunalt plansamarbeid kan og gjennomførast etter §9.1 i plan- og bygningslova, eller den kan utformast utan å ha nokon formell forankring i lovverket på linje med ein fylkesplan eller kommuneplan. Den vil likevel vera regionen sine innspel i ein fylkesplanprosess og avklare regionale prioriteringar.

Regionrådet ynskjer at Hallingtinget kan starte innleiande drøftingar i forhold til ein ny/revidert Strategisk plan for Hallingdal 2012 - 2015. Det er og planlagt at hovudtema på Hallingtinget sitt møte våren 2012 (2-dagars samling), vil vera Strategisk plan for Hallingdal.

For at Hallingtinget skal ha eit utgangspunkt for vidare drøftingar kan det takst utgangspunkt i Strategisk plan for Hallingdal 2006 – 2010, eller det kan nyttast andre innfallsvinklar. I eit forsøk på å utfordre Hallingtinget, har dagleg leiar prøvd ein anna tilnærming, der det er skissert det som kan vera nokre av hovudutfordringane for Hallingdal, og som er oppsumert i følgjande punkt:

- Utflytting – spesielt av unge som søker høgare utdanning – og som i liten grad flytter attende.
- Mangel på kritisk masse i arbeidsmarknadar, kunnskapsmiljø og næringsliv
- Lågt utdanningsnivå
- Låg verdiskaping pr. innbyggjar
- Lite internasjonalt næringsliv
- Avstand/reisetid

Summen av desse utfordringane er, kan bli, låg «attraktivitet» og manglande vekstkraft. Dei fleste av desse utfordringane heng saman, og ved å løyse ei av dei, blir føresetnadane styrka for å løyse dei andre.




Fig. 1

Figur 1 skisserer ein modell utvikla Menon v/ Erik W. Jakobsen, som eg trur kan nyttast. Utgangspunktet er at det skal utarbeidast konkrete og langsiktige satsingar basert på fire generelle strategiar:

Komponere: For å lykkast i ein region som Hallingdal må fire faktorar spela saman og forsterke kvarandre: *Bustadkvalitet*, *Arbeidsmarknadar*, *Næringsliv* og *Kunnskapsmiljø*. Sagt på ein annan måte må de fire faktorane komponerast slik at ein ikkje berre oppnår kritisk masse i enkeltfaktorar, men at dei forsterkar kvarandre på ein måte som skapar sjølvforsterkande vekst.

Integrere: Funksjonell integrasjon, i form av effektiv infrastruktur som reduserar reisetid, kommunesamarbeid, samordning, arbeidsdeling, og fjerning av barrierar mot samhandling på tvers av administrative grenser. Dette vil styrke Hallingdal sine føresetnadar for å løyse både befolknings-, kompetanse- og næringsutfordringar.

Spesialisere: Satsinga bør konsentrerast til eit begrensa sett av næringar og/eller kompetanseområde der Hallingdal har ressursmessige føresetnadar for å lykkast i å ta leiande posisjoner i relevante marknader.


Samhandle: For å kompensere for liten størrelse bør synergjar mellom aktørane utnyttast. Det kan gjerast gjennom systematisk utvikling av samhandlingsprosesser i nettverk og klynger. I ei regional utvikling bør bustadkvalitet, arbeidsmarknader, næringsliv og kunnskapsmiljø sjåast i samanheng. Dette stiller krav til samordning av politikkområda både på regionalt og lokalt nivå.

Ål 15.11.2011
Knut Arne Gurigard
Dagleg leiar


Vedlegg 1: Strategisk plan for Hallingdal, i utgangspunktet for perioden 2006 – 2010.
Vedlegg 2: Strategisk plan for Hallingdal handlingsprogram for perioden 2006 – 2010



STRATEGISK PLAN FOR HALLINGDAL 2006 - 2010



Vedteken april 2006



INNHALDSLISTE

| | | |
|-----------|--|-----------|
| 1. | INNLEIING | 2 |
| 1.1 | KORT OM BAKGRUNN | 2 |
| 1.2 | OPPBYGGING AV PLANEN..... | 3 |
| 2. | GENERELL DEL..... | 3 |
| 2.1 | KORT OM REGIONEN | 3 |
| 2.2 | VISJON..... | 4 |
| 3. | TAL, TRENDAR OG UTVIKLING..... | 5 |
| 3.1 | INNLEIING..... | 5 |
| 3.2 | FOLKESTALSUTVIKLING OG ALDERSSAMANSETJING | 5 |
| 3.3 | FLYTTEMØNSTER, PENDLING | 5 |
| 3.4 | UTDANNING..... | 5 |
| 3.5 | NÆRINGSUTVIKLING OG NÆRINGSDYNAMIKK | 6 |
| 3.6 | LØNNSEMD | 6 |
| 3.7 | REGIONSTRUKTUR | 6 |
| 3.8 | KONKURRANSEFORTRINN OG UTFORDRINGAR FOR HALLINGDAL | 8 |
| 3.8.1 | <i>Generelt.....</i> | 8 |
| 3.8.2 | <i>Konkurransefortrinn for Hallingdal.....</i> | 8 |
| 3.8.3 | <i>Hovudutfordringar for Hallingdal</i> | 8 |
| 4 | FORHOLD TIL ANDRE PLANAR | 9 |
| 5 | MÅL OG INNSATSOMRÅDE | 10 |
| 5.1 | HOVUDMÅL | 10 |
| 5.2 | DELMÅL OG STRATEGIAR..... | 10 |
| 5.3 | SLAGORD..... | 12 |

Vedlegg 1: Skjematisk oppbygging av planen

Vedlegg 2: Tal, trendar og utvikling

1. INNLEIING

1.1 Kort om bakgrunn

Regionrådet for Hallingdal sin fyrste strategiske plan vart vedteke av kommunane i slutten av 1997 og gjaldt for perioden 1998 – 2001.

I 2000 var det rullering av strategisk plan, som Hallingtinget vedtok i september 2000

I møte i Regionrådet 27.8.2004 vart det vedteke at det skulle utarbeidast prosjektplan for ny/revidering av Strategisk plan for Hallingdal og i møte 24.9, sak 52/04 vart det gjort slikt vedtak:

- *Det skal utarbeidas ny Strategisk plan for Hallingdal for perioden 2005 – 2008.*
- *Prosjektplan dat. 24.9.2004 skal vera styringsdokumentet for utarbeiding av Strategisk plan for Hallingdal.*
- *Styringsgruppe for planarbeidet er Regionrådet for Hallingdal.*
- *Prosjektansvarleg for planarbeidet er regionrådsordførar.*
- *Regionrådet for Hallingdal løyver kr. 100.000 til planarbeidet og søker partnerskapsavtala med Buskerud fylkeskommune om tilsvarende beløp.*
- *Regionrådet for Hallingdal ber Hallingtinget drøfte målsettingar og satsingsområde.*
- *Forslag til Strategisk plan for Hallingdal skal leggast fram for Hallingtinget våren 2005.*
- *Prosjektansvarleg oppnemnar referansegruppe*

Hallingtinget har hatt strategisk plan til drøfting i sak Sak 02-04 og sak 03-05.

Utgangspunktet for ein strategisk plan for Hallingdal er fleire:

- I vedtektene til Regionrådet § 8 står det at det skal utarbeidast plan med ein langsiktig mål- og strategidel og eit handlingsprogram
- Regionrådet for Hallingdal og Buskerud fylkeskommune har inngått inn i ei partnerskapsavtale som gjeld ut 2007. Formålet er at denne avtale skal vera med å utvikle regionen i eit bærekraftig perspektiv, med utgangspunkt i fylkesplanen sine målsettingar. Avtala forpliktar partane gjensidig til å delta i utarbeiding av Fylkesplanen sitt Handlingsprogram og følgje opp prioriterte samarbeidsområde gjennom årlege gjennomføringsavtaler, konkrete tiltak/prosjekt samt finansiering av desse.
- Buskerud fylkeskommune har vedteke ny fylkesplan for 2005 – 2008 med eit 4-årig handlingsprogram.

I tillegg kan det vera argument som:

- Dersom det regionale samarbeidet skal drivast planmessig og ut frå nokre prioriterte arbeidsområde er det nødvendig med eit meir langsiktig og strategisk dokument, eit felles fundament.
- Ein strategisk plan kan gje grunnlag for betre utnytting av ressursar.
- Eit plandokument kan vere med å ta vare på og utvikle næringslivet.
- Eit planarbeid kan gje ansvars- og rolleavklaringar, kan utløyse økonomiske verkemiddel og skape engasjement og forståing for regionalt samarbeid.

Strategisk plan for Hallingdal vil vera ein overordna regional plan. I begrepet strategisk ligg det at planen skal vera målretta og omfatte nokre utvalte innsatsområde.

Planen skal ta for seg sentrale utfordringar som regionen står overfor. Med det som utgangspunkt er det satt opp konkrete mål med forslag til strategiar.

Planen skal i fyrste rekke innehalde tiltak som har noko å seie for regionen og som må løysast regionalt, eller i samarbeid med kommunane, fylkeskommune, næringsliv eller andre instansar.

1.2 Oppbygging av planen

Planen vil bli sett saman av to delar: strategisk del med definerte innsatsområde og mål og eit handlingsprogram som blir laga på bakgrunn av vidare handsaming i kommunane og Hallingting.

Den strategisk del av planen beskriv ståstaden for Hallingdal. Det blir gjeve ei vurdering av dagens situasjon med sterke sider, som me bør ta vare på og utvikle, vidare og svakheiter som me eventuelt må kompensere for. I tillegg er det sagt noko om mål/ambisjonar og til slutt dei strategiar eller vegval som er foreslått frå dagens situasjon til målet.

Handlingsprogrammet skal beskrive konkrete prosjekt og tiltak, med tilhøyrande budsjett, finansieringsplan og gjennomføringsorganisasjon.

Planen sin strategiske del ligg i hovudsak fast for perioden 2006 – 2010, medan handlingsprogrammet skal rullerast årleg.

2. GENERELL DEL


2.1 Kort om regionen

Hallingdalsregionen er ein av regionane i Buskerud fylke. Kommunane Flå, Nes, Gol, Hemsedal, Ål, og Hol utgjer regionen. I 1837 var det tre kommunar i regionen, Nes, Gol og Ål. I perioden fram til 1905 vart Hol skilt ut frå Ål, Hemsedal frå Gol og Flå frå Nes. Dagali, som tidlegare hørde til Uvdal, vart i 1944 ført over til Hol.

Regionen høyrer til dal- og fjellområda på Austlandet, med eit samla areal på 5840 km². Om lag 70 % av arealet ligg meir enn 900 m.o.h., 26 % 1200 m og høgare, og berre om lag 10 % ligg lågare enn 600 m.o.h.

Vel 19 % er produktiv skog, 2 % er jordbruksareal, resten er fjell og fjellvidder og 363 km² vatn.

Bergensbanen og Rv.7 går gjennom hovuddalføret. Frå Gol går Rv 52 gjennom Hemsedal til Sogn. Rv. 50 går frå Hol til Aurland. Frå Gol går Rv.51 til Valdres og Rv.40 går frå Geilo til Numedal.




| KOMMUNE | FOLKETAL 1.7.2005 | AREAL KM ² |
|------------|-------------------|-----------------------|
| Flå | 1 014 | 705 |
| Nes | 3 485 | 810 |
| Gol | 4 375 | 533 |
| Hemsedal | 1 909 | 753 |
| Ål | 4 670 | 1 172 |
| Hol | 4 557 | 1 867 |
| Sum | 20 010 | 5 840 |

2.2 Visjon

Alle lever me våre liv i møtet mellom natur og kultur. Mennesket har til alle tider kultivert naturen. Mennesket har skapt kultur av natur. I mykje av dette “kultiveringsarbeidet” har mennesket vore ein god forvaltar, men i ettertid er det heller ikkje vanskeleg å finne døme på at inngrep og endring har vore mislykka.

Hallingdal treng ein distriktspolitikk som gir regionen og lokalstyret størst mogleg kontroll over bruken av naturressursane. Det blir difor viktig å syne storsamfunnet at folk i Hallingdal kan forvalte ressursane på ein fornuftig måte, som både tek vare på dei og gir utvikling og levedyktige kommunar.



Hovudmålsetjinga eller visjon i regionplan frå 1973:

“Hovudmålet med den regionale utviklinga i Hallingdal er å ta vare på naturmiljøet som grunnlag for helse og trivsel og fremje ei lokalisering og utbygging av næringsliv og busetjing som ikkje berre siktar mot økonomisk vekst, men òg mot andre gode. Ut frå dette må ressursane utnyttast best mogleg.”

Ny visjon vedteken av Hallingtinget, hausten 2006

”Hallingdal, den fremste distriktsregionen, full av kreativitet, kvalitet, livskraft og oppleving”

3. TAL, TRENDAR OG UTVIKLING

3.1 Innleiing

Tal og statistikk gir eit bilete av nosituasjonen. Saman med hovudtrendar i samfunnsutviklinga kan dette vere med å gje tankar om vegval for framtida. Detaljar om tal, trendar og utvikling er lagt inn som vedlegg 2.

3.2 Folkestalsutvikling og alderssamansetjing

Kjenneteikna for befolkningsutviklinga for Hallingdal er stabil eller ein svak nedgang. Befolkningsauke på 340 i perioden 1986 – 2005, men nedgang på 92 i perioden 1996 – 2005. Utviklingspotensialet i ein region kan i mange tilfelle vera meir påverka av alderssamansetning enn av befolkningsauke.

Det mest dramatiske er endring i alderssamansetning, t.d. har aldersgruppa 0 - 29 år hatt ein nedgang på 1033 frå 1976 til 2005, der det er ein reduksjon på 685 dei siste 10 åra!! Dette er ikkje ei spesiell utvikling for Hallingdal som distriktsregion, men det er heller ingen stor trøyst.

Fleirtalet av distriktsregionane har høgt fødselsunderskot, også i nasjonal Samanheng. Årsakene til dette er alders- og kjønnsamansetning som gjev låg naturleg vekstkraft. Flyttereakeskapet for desse regionane er negativt. Dette saman med fødselsunderskot fører ein svak befolkningsdynamikk. Dette gjer at det mønsteret me ser i dag også vil halde fram i dei komande åra.

Det er viktig å understreke at i denne samanheng har ikkje Hallingdal alle dei trekka som er typiske for ein distriktsregion. Spørsmålet i denne samanheng vil vera kva Hallingdal som region kan gjera for å forsterke dei positive trekka og redusere dei negative.

3.3 Flyttemønster, pendling

Flytting er eit vesentleg element i forhold til befolkningsutvikling, i den samanheng vil det og vera viktig å ha ei viss formeining om flyttemønster.

For Hallingdal er det ca.15 % internflytting, ca.10 prosent av flyttinga går til Oslo, snaue 50 prosent til andre meir urbane områder.

Pendling kan sjåast på som ei tilpassing til arbeidsmarknaden og er eit alternativ til flytting eller arbeidsløyse. I tillegg er det stadig fleire som velgjer å pendle fordi dei ynskjer å bu i eit bestemt område pga. prioriterte bukvilketar, samstundes som ein ikkje finn arbeid som samsvarer med egne jobbkraav i buregionen.

Det syner seg at distriktregionar ofte har ein låg del som pendlar ut, dette gjeld også Hallingdal der det er ca. 12 % utpendling.

På same måten har distriktsregionar låg innpendling (Hallingdal ca. 7%)

Ein av konklusjonane er at mange distriktsregionar i relativt liten grad er integrert i andre regionar. Dette vil med andre ord seie at desse regionane i stor grad må stole på egne krefter i forhold til å få til utvikling (kan ikkje satse på busettingsbasert næringsutvikling).

3.4 Utdanning

Distriktsregionane har ein lågare del av befolkninga med høgare utdanning

Samanlikna med andre tilsvarende distriktsregionar ligg ikkje Hallingdal spesielt godt an.

I Hallingdal varierer delen med høgare utdanning (2004) frå 19 % i Hemsedal til 13 % i Flå.

Det er og store forskjellar på kor mange studentar som er under utdanning ved universitet og

høgskular i alderen 19 - 24 år. Tala varierer frå 33 % i Nes til 24 % i Hol. Snittet for Buskerud er 26 %.

3.5 Næringsutvikling og næringsdynamikk

Arbeidsplassane og yrkesbefolkninga i ein region er hovudfundamentet for å sikre framtidig busetting, og for å skape verdiar som gir inntekter for kommunane. I ein slik samanheng er det derfor viktig å vurdere følgjande spørsmål:

- Korleis har talet på arbeidsplassar i Hallingdal utvikla seg?
- Korleis er nettoppendlinga, dvs arbeidsplassar minus yrkesaktive busett i Hallingdal.
- Kor stor del utgjer arbeidsplassane i kommunal sektor samanlikna med samla tal på arbeidsplassar?
- Korleis er næringsstrukturen, korleis har den endra seg? Er den sårbar i forhold til framtidig utvikling?

Hovudkonklusjonane for Hallingdal er:

- Svak auke av arbeidsplassar
- Sterk nedgang av sysselsette innan jord- og skogbruk
- Ingen endring innan industri
- Sterk auke av sysselsette innan reiselivsrelaterte næringar
- Liten auke innan offentleg tenesteyting

Arbeidsløysa i Hallingdal er og har vore låg både reelt og i forhold til resten av fylket. I Hallingdal har arbeidsløysa dei siste 15 åra variert mellom 1,5 – 2,5% medan det på landsbasis har variert mellom 3,5 – 5%.

3.6 Lønnsemd

Eit lønsamt næringsliv er ein sentral føresetnad for å sikre ei positiv utvikling.

Lønnsemd for bedrifter varierer mellom fylker. I Norge var det 66,8 prosent av bedriftene som hadde et positivt resultat før skatt i 2003. Buskerud ligger på andreplass av fylker.

Når me bryt dette ned på økonomiske regionar ser me at Hallingdal ikkje kjem spesielt godt ut. Årsaka til dette er fyrst og fremst at lønsemda varierar mellom dei ulike bransjane, og foretak retta mot primærnæringane, og hotell- og restaurantbransjen har forholdsvis flest underskotsbedrifter. Med andre ord ei ekstra utfordring for Hallingdal.

3.7 Regionstruktur

Spørsmål om regional lokalisering - og eit eventuelt regionsenter - dukkar stadig opp i det interkommunale arbeidet. Når det gjeld lokaliseringsspørsmål har Hallingtinget tidlegare gjort vedtak om at det skal vera ei funksjonsfordeling mellom kommunane som skal byggje på følgjande prinsipp:

Regionale samarbeidstiltak skal ha eit differensiert lokaliseringsmønster etter ei oppgåvefordeling mellom kommunane, basert på friviljuge og forpliktande samarbeidsavtalar. Funksjonsfordelinga må byggje på prinsippet om kompetanseutnytting og gi kommunane ei kjensle av – direkte eller indirekte – å ha nytte av samarbeidet. Dette gjeld både den einskilde kommune og Hallingdal som region.

Alle kommunane må vera viljuge til å ta sin del av kostnaden med fellestiltak, men alle må og akseptera at ei funksjonsfordeling aldri vil bli heilt ”rettferdig”.

Offentlege servicetiltak (statlege og fylkeskommunale) som har heile regionen som kundegrunnlag og som skal ha eitt hovudkontor i Hallingdal, bør i utgangspunktet lokaliserast

til Gol som geografisk knutepunkt i dalen. Dersom ei kommune har eit spesielt utgangspunkt når det gjeld oppbygd kompetanse, bør framtidige statlege og fylkeskommunale distriktskontor vurderast lagt til vedkomande kommune.

Der det allereie er etablert offentlege servicetiltak i ein kommune, skal ein rå til at denne lokaliseringa blir oppretthalde.

Det viktigaste er at dei regionale statsetatane framleis får tilhald i Hallingdalsregionen.

I Regionplan frå 1973, står det m.a.:

“For å oppnå best mogeleg arbeidsplasstilbod og gode servicetilbod må det byggjast eit hovudsenter for service som treng heile folkemengda i Hallingdal som kundegrunnlag, og det må byggjast fleire industri- og turissentra.

Eit hovudsenter for service vil vera sterkt avhengig av utviklinga i resten av regionen. Alle vil vere interesserte i eit vekstkraftig hovudsenter.

Eit differensiert lokaliseringmønster med oppgåvefordeling mellom kommunane vil vere det mest stimulerande og vekstfremjande for regionen sett under eitt.” (s.34)

I Strategisk plan for Hallingdal 1998 står det:

Etter ei samla vurdering og drøfting er ein kome fram til at: “Ei samla profilering av Hallingdal utan eit definert regionsenter vil vera med på å oppretthalde ei desentralisert busetjing og gje vokster i alle kommunar.

Som det geografiske midtpunktet vil Gol framleis vera det naturlege knutepunktet i regionen.”

Som eit resultat av dette vil det måtte bli ei funksjonsfordeling. Den store utfordringa vil bli å skape interessante fagmiljø som kan dra nye næringar til Hallingdal i konkurranse med andre distrikt

Det er lite kunnskap om kva rolle mindre byar/regionsenter spelar for regional utvikling i Norge. Det finnes for eksempel ikkje tilgjengelig statistikk for regional samhandling utover tal for flytting og pendling over kommunegrensene. Spørsmålet er om og eventuelt korleis mindre byar har ein rolle som ”regional motor” for sitt omland.

Det bør likevel ikkje vera nokon diskusjon om at Gol har regionale funksjonar som spelar ein viktig rolle og som vil kunne bli forsterka i framtida. Gol står også sterkare fram som eit hovudsenter for handel og service. Samstundes har Hallingdal si styrke i at det er fleire senter som er med på å utfylle eit svært godt tenestetilbod i Hallingdal. Mykje av årsaka til dette er ei sterk reiselivsnæring.

I stor grad er kommunane i Hallingdal gjensidig avhengige av kvarandre, noko som bør vera ei styrke for ein region, samstundes som det bør vera med på å skapa dynamikk for vidare utvikling.

Gol treng livskraftige ”naboar” og Hallingdal treng eit dynamisk knutepunkt som gjev ringverknader for heile Hallingdal.

I mange lokaliseringsspørsmål er senterstørrelse viktigare enn kommunestørrelse. Statlege og fylkeskommunale kontor og institusjonar er i all hovudsak å finne i større kommunesentra og regionale sentra. Senterstørrelse og folketal innanfor rimeleg reisetid frå senteret er antakeleg viktigare for lokalisering, enn folketallet innanfor kommunegrensa. Ved å slå seg saman, eller i det minste arbeide saman om å styrke eit senter, vil ein kunne stå sterkare i kampen om offentlege midlar og lokaliseringar. På lengre sikt kan dette påverke lokaliseringsvedtak både for offentlege og private verksemdar.

3.8 Konkurransefortrinn og utfordringar for Hallingdal

3.8.1 Generelt

Hallingdal har som dei fleste regionar sterke sider som gjer eller kan utviklast til konkurransefortrinn. På same måte er det svake sider som kan vera ulemper og som gjev utfordringar.

Regional utvikling handlar om å skape levedyktige og attraktive lokalsamfunn, kommunar og regionar der kvinner og menn i alle aldra og fasar av livet ynskjer å leva. Det må være arbeidsplassar, infrastruktur, skuletilbod, fritids- og kulturtilbod med variasjon, mangfald og god kvalitet slik at folk vel regionen, kommunen eller lokalsamfunnet som sin livsarena.

Tidlegare var det *stabilitet* og ikkje *mobilitet* som vart sett på som ein verdi og som la premissar for distriktpolitikken. I dagens samfunn er mobilitet ein verdi som blir sett høgt fordi det er eit teikn på individualitet og å vera uavhengig. Det handlar om mogelegheitene til å velje. Mobilitet har vorte ein grunnleggande premiss og ei utfordring for distriktpolitikken. Distrikts- og regionalpolitikken har ikkje lenger som mål at folk skal slutte å flytte på seg.

Den regionalpolitiske tenkinga har vore dominert av eit *produksjonsperspektiv*. I eit slikt perspektiv er det endringar i produksjonslivet som er rota til regionale problem og at flyttemønster i hovudsak blir styrt av tilgangen til arbeid. Ved å ta eit omvendt perspektiv, *livskvalitetsperspektivet* kan me tenke oss at næringslivet vil utvikle seg der folk velgjer å busetta seg, og at forhold som ikkje har med arbeidsmarknad kan vera avgjerande for folk sitt flytteleval. Dette bør også kunne samsvara godt for Hallingdal som ein av landets største reiselivsregionar.

3.8.2 Konkurransefortrinn for Hallingdal

Konkurransefortrinn er t.d:

- Hallingidentitet - hallingkultur
- Ein arbeids-, bu-og serviceregion
- Gode bu-og oppvekstvilkår (levekårsundersøkinga)
- Stabil arbeidskraft
- God plass
- Levande bygder
- Kort avstand til Osloområdet/ Vestlandet, sentralt i Sør-Norge
- Hovudferdselsårer aust-vest
- Godt regionalt samarbeid
- Attraktive hytteområde
- Attraktiv natur

3.8.3 Hovudutfordringar for Hallingdal

- Behalde levande lokalsamfunn
- Oppretthalde folketalet med balanse i alderssamansetning og kjønnsfordeling.
- Å legge til rette for omstilling, nyskaping og kreativitet.
- Å synleggjera Hallingdal sine mogelegheiter og behov overfor sentrale styresmakter.
- Å ta vare på det beste i Hallingdal sin kultur og tradisjon.
- Å styrke samarbeidet og bygge nettverk internt og eksternt.
- Å auke kompetansenivået.
- Sikre god kommunikasjon

4 FORHOLD TIL ANDRE PLANAR

Fylkesplan for Buskerud 2005 – 2008

I Fylkesplan for Buskerud 2005 – 2008 er det for Hallingdal sett opp følgende tema:

- Infrastruktur, Samferdsel, IKT/breiband
- Stadsutvikling
- Kompetanseutvikling
- Næringsutvikling
- Reiseliv, kultur og miljø
- Fjellregion

Til kvart tema er det sett opp egne satsingsområde.

Strategier for næring og samferdsel for Regionsamarbeidet Buskerud, Vestfold og Telemark 2005-2007

Handlingsprogram for Næringsstrategiar BTV (vedteke 16. september 2005), med følgende hovudpunkt:

- Industri- og energiutvikling med norsk gass
- Innovasjon og nyskaping
- Internasjonalisering
- Regionen som nasjonalt og internasjonalt reisemål
- Utviklingen av infrastruktur for IKT – med særlig vekt på distriktene
- Næringslivets transportbehov

Partnerskapavtale mellom Buskerud fylkeskommune og Regionrådet for Hallingdal (2004 – 2007)

Dei prioriterte samarbeidsområda er basert på forslag til fylkesplan, samt fylkesplanen sitt Handlingsprogram. Samarbeidet i avtaleperioden er knytt til følgende prioriterte områder:

1. Infrastruktur
2. Innovasjon, entreprenørskap og rekruttering til Hallingdal
3. Stadsutvikling
4. Utdanning og kompetanse
5. Regionale næringsprosjekt
6. Reiseliv, kultur, miljø og naturbruk
7. Fjellregionsamarbeid

5 MÅL OG INNSATSOMRÅDE

5.1 Hovudmål

”Hallingdal skal vera ein region med aukande verdiskaping og vekst både i innbyggjartal og i talet på arbeidsplassar. Regionen skal oppretthalde god balanse i alder og kjønnsfordeling. I Hallingdal skal det leggjast til rette for omstilling, nyskaping og kreativitet gjennom samhandling ved at regionen står samla, ”innad som utad.”

For å nå desse hovudmåla er det sett opp delmål med forslag til strategiar, pkt. 5.2.

Delmåla er lagt inn under følgjande innsatsområde eller tema:

- **Samhandling**
- **Kompetanse**
- **Innovasjon, næringsliv**
- **Infrastruktur**

Med bakgrunn i politisk handsaming skal det lagast eit eige handlingsprogram som skal beskrive konkrete tiltak og prosjekt, med tilhøyrande budsjett, finansieringsplan og gjennomføringsorganisasjon.

Planen sin strategiske del ligg i hovudsak fast for perioden 2006 – 2010, medan handlingsprogrammet skal handsamast av Hallingtinget, og rullerast årleg.

Vedlegg 1 syner skjematisk oppbygging av planen.

5.2 Delmål og strategiar

| SAMHANDLING | |
|--|--|
| Mål 1: Kommunane i Hallingdal skal gjera kvarandre gode! | |
| Gjera Hallingdal sterkare og gje betre tenester til innbyggjarane. | |
| | Strategiar: |
| a | Tettare samarbeid mellom kommunane, vidareutvikling av det interkommunale samarbeidet innan tenesteproduksjon |
| b | Open og tydeleg kommunikasjon om samarbeidsområde |
| c | Offensiv regional profilering og identitetsbygging |
| Mål 2: Hallingdal sine interesser skal ivaretakast gjennom eit handlekraftig regionråd. | |
| | Strategiar: |
| a | Klargjera kva politikkområde Regionrådet skal ha eit spesielt ansvar i forhold til ”omverda”. |
| b | Styrke og vidareutvikle Regionrådet og Hallingtinget. |
| c | Arbeide for Hallingdal sine interesser i samband med forvaltningsreforma. Styrke Hallingdal sin posisjon i det pågåande BTV- forsøket. |
| d | Vidareutvikle fjellregionsamarbeidet på tvers av fylkesgrenser, satsing på internasjonalt nettverkssamarbeid gjennom deltaking i Fjellregionsamarbeidet og prosjekt og program som er naturleg for Hallingdal. |
| Mål 3: Knutepunkt Gol, spelar saman med dei andre kommunesentra | |
| | Strategiar: |
| a | Sikre og styrke statlege og fylkeskommunale funksjonar som er lokalisert i Hallingdal. |

| | |
|--|---|
| b | Felles opptreden overfor sentrale styresmakter for å få fleire statlege arbeidsplassar til regionen og utvikle beredskap for flytting av statlege arbeidsplassar. |
| Mål 4: Helsefremmande tiltak i partnerskap skal fremme aktivitet, god helse og trivsel i befolkninga i Hallingdal | |
| Strategiar: | |
| a | Utvikle partnerskapsavtalane som er gjort saman med Buskerud fylkeskommune, til å bli eit regionalt samarbeid om folkehelse |
| b | Gå inn i eit utviklingsarbeid for å synleggjera folkehelse i planarbeidet i regionen og i dei einstilte kommunane |
| c | Utgjeie eit nærare samarbeid innan samfunnsmedisin i Hallingdal, med bakgrunn og erfaringar frå andre regionar |
| Mål 5: Vidareutvikle Hallingdal sjukestugu som distriktsmedisinsk senter | |
| Strategiar: | |
| a | Etablere eit formalisert samarbeid med Ringerike HF for å utvikle Hallingdal sjukestugu vidare som distriktsmedisinsk senter. |
| b | Utgjeie eit forskings- og utviklingssenter ved Hallingdal sjukestugu i samarbeid med Helse Sør og Ringerike sykehus |
| KOMPETANSE | |
| Mål 6 Innbyggjarane er Hallingdal sin viktigaste ressurs – me vil ta vare på og utvikle kompetansen i regionen. | |
| Strategiar: | |
| a | Utvikling av opplæringstilbod gjennom auka samhandling mellom utdaningsinstitusjonar på høgsule og vgs. nivå og regionalt næringsliv. |
| b | Satsing på kompetansesentra innan næringsutvikling, kultur, reiseliv, landbruk og helse |
| c | Auke entreprenørskaps- og innovasjonsevna. |
| Mål 7 Kulturliv, næringsliv og det offentlege skal stimulere kvarandre for å utvikle Hallingdal til ein profilert kulturregion. | |
| Strategiar: | |
| a | Ta vare på kulturarv og kulturmiljø som ressurs for verdiskaping og stadsutvikling m.a. gjennom kommunale planar. |
| b | Utvikle næringsverksemd med basis i regionen sin kulturelle aktivitet |
| c | Vidareutvikle Ål kulturhus som det regionale kulturhuset |
| INNOVASJON, NÆRINGS LIV | |
| Mål 8 Etablere utviklingsarenaer for innovasjon og nyskaping | |
| Strategiar: | |
| a | Legge til rette for bransjar med særleg vekstpotensiale gjennom samhandling. |
| b | Bidra til etablering og vidareføring av bransjearenaer/bedriftsnettverk |
| c | Vidareutvikle Hallingdal Etablerersenter |
| Mål 9 Vidareutvikle Hallingdal til den fremste reiselivsregionen i landet. | |
| Strategiar | |
| a | Støtte opp om reiselivssamarbeid |
| b | Betre samspel og heilskapleg tenking mellom tradisjonelle reiselivsbedrifter, landbruksbaserte tilbod, |

| | |
|---|--|
| | kultur- og opplevingsstilbud og anna næringsliv. |
| c | Arbeide for betre rammevilkår for reiselivsnæringa. |
| d | Utvikle og profilere innfallsportane til Hallingdal |
| e | Skapa sterkare forankringar til hyttefolket |
| Mål 10 Landbruket skal vera ei sterk næring i Hallingdal | |
| Strategiar | |
| a | Støtte tiltak som gjer det attraktivt for ungdom og satse på ei framtid innanfor primærnæringane. |
| b | Utvikle småskala matproduksjon, stimulere til høgare foredlingsgrad og legge til rette for betre distribusjon. |
| c | Vurdere næringsmessig utvikling av fjellområda. Utvikle kulturlandskap som t.d. stølsområda, som ein viktig ressurs, i ei næringsmessig utvikling. |
| INFRASTRUKTUR | |
| Mål 11 Utvikle effektive, trafikksikre og miljøvennlege kommunikasjonsårer | |
| Strategiar: | |
| a | Vidareutvikling av hovudvegane til/frå Hallingdal. |
| b | Vidareutvikle Bergensbanen og arbeide for realisering av Ringeriksbanen |
| Mål 12 Det Digitale Hallingdal¹ skal vera med å gje innbyggjarar og næringsliv ein enklare kvardag og fremje verdiskapning. | |
| Strategiar: | |
| a | Legge til rette for tilgang til Internett og digitale tenester. |
| b | Betre digital samhandling mellom offentlege verksemder på tvers av forvaltningsnivåa |
| Mål 13 Vidareutvikle attraktive tettstadar i Hallingdal | |
| Strategiar: | |
| a | Utvikle dei ulike kommunesentra sine fortrinn innan handel, service, tradisjonar og kultur. |
| b | Samarbeide om konkrete prosjekt gjennom ulike partnerskapsløysingar og kommuneplanprosessar |

5.3 Slagord


Eit slagord er fyrst og fremst eit verkemiddel i ei merkevarebygging. Slagordet skal vere kort og fyndig og skal nyttast som signatur i den grafiske profilen.. Slagordet skal skapa identitet, tillit og "good-will". Den primære funksjonen er ekstern kommunikasjon med omverda.

SLAGORD – FORSLAG??

Skal vedtakst av Hallingtinget hausten 2006

¹ Det Digitale Hallingdal = arbeidstittel på felles IKT satsing i Hallingdal

Vedlegg 1, Skjematisk oppbygging av planen





| SAMHANDLING | | Periode | Kostnad | Ansvar |
|---|--|--------------|-----------|---------------------------------|
| Mål 1: Kommunane i Hallingdal skal gjera kvarandre gode! Gjera Hallingdal sterkare og gje betre tenester til innbyggjarane. | | | | |
| | Strategiar: | | | |
| a | Tettare samarbeid mellom kommunane, vidareutvikling av det interkommunale samarbeidet innan tenesteproduksjon | | | |
| 1 | Hallingdal må (i perioden) få ein gjennomgang av alle (viktige) tenestekområda for å identifisere dei område der samarbeid vil gje gevinst. Måla er å redusere sårbarheit, utvikle og ivareta kompetanse og effektivisere bruken av dei samla ressursane. Aktuelle tiltak kan t.d vere: <ul style="list-style-type: none"> • Utgreie utvida/felles kulturskole for Hallingdal, t.d. samarbeid om lærekrefter • Utgreie felles næringskontor for Hallingdal, t.d. med utgangspunkt i Hallingdal Etablerersenter • Utgreie samanslåing tekniske tenester i Hallingdal • Etablere (vidareutviklar) eit samarbeid om barnevern. • Utgreie felles kommuneoverlege for Hallingdal • Vidareutvikle samarbeidet mellom PP-tenestene. • Utgreie eit nærare samarbeid innan samfunnsmedisin i Hallingdal, med bakgrunn og erfaringar frå andre regionar. | kontinuerleg | eigen tid | RU |
| 2 | Event. opprette prosjektstilling for å vurdere konkrete samarbeidsprosjekt | 2007 | eigen tid | RU |
| 3 | Utarbeide konkrete forslag til samarbeidstiltak innan landbruksforvaltninga og private tenesteytarar på fagområdet, med mål om å etablere eit eller fleire interkommunale kompetansesentra for landbruk i Hallingdal. | 2008 | eigen tid | RU/ Landbrukets Fagsenter |
| 4 | Etablere eit samarbeid om NAV-reforma for å sikre Hallingdal eit fullverdig tilbod med høg kompetanse | 2007 | eigen tid | RU |
| 5 | Hallingdal vidareutviklar det interkommunale samarbeidet innan administrative og tekniske støttefunksjonar. | kontinuerleg | eigen tid | RU |
| b | Open og tydeleg kommunikasjon om samarbeidsområde | | | |
| 1 | Betre informasjon internt og eksternt | kontinuerleg | 20.000/år | RR/RU |
| c | Offensiv regional profilering og identitetsbygging | | | |
| 1 | Vidareutvikle felles grafisk profil og profilering (med basis i lokal kultur) | 2008 | 50.000 | RR |



| Mål 2: Hallingdal sine interesser skal ivaretakast gjennom eit handlekraftig regionråd. | | | |
|--|--|----------------------|--------------------------------|
| | Strategiar: | | |
| a | Klargjera kva politikkområde Regionrådet skal ha eit spesielt ansvar i forhold til "omverda". | | |
| 1 | Setja ned arbeidsgruppe for å vurdere kva område som kan/bør regionaliserast, og korleis styring, ansvar og mynde skal organiserast | 2008 | eigen tid RR (nytt) |
| b | Styrke og vidareutvikle Regionrådet og Hallingtinget. | | |
| 1 | Regionrådet initierer ein prosess med prosessleiar/prosjektleiar utanfrå for å styrke samhandlinga i det regionale samarbeidet. | 2008 | 100.000 RR (nytt) |
| c | Arbeide for Hallingdal sine interesser i samband med forvaltningsreforma. Styrke Hallingdal sin posisjon i det pågåande BTV- forsøket. | | |
| 1 | Intensivere arbeidet for å vurdere Hallingdal sin posisjon i aktuelle framtidige regionar | 2007 | eigen tid RR |
| 2 | Ta initiativ til sterkare samarbeid med fjellregionane i BTV | 2007 | eigen tid RR |
| d | Vidareutvikle fjellregionsamarbeidet på tvers av fylkesgrenser, satsing på internasjonalt nettverkssamarbeid gjennom deltaking i Fjellregionsamarbeidet og prosjekt og program som er naturleg for Hallingdal. | | |
| 1 | Vidareutvikle samarbeid på fjellregionsnivå, og gjennom dette utvikle internasjonalt nettverkssamarbeid for å kome i ein meir aktiv dialog med EU | 2007 | eigen tid RR |
| Mål 3: Knutepunkt Gol, spelar saman med dei andre kommunesentra | | | |
| | Strategiar: | | |
| a | Sikre og styrke statlege og fylkeskommunale funksjonar som er lokalisert i Hallingdal. | | |
| 1 | Oppnemne eigen arbeidsgruppe som har eit spesielt ansvar å følgje opp, m.a. i høve til å sikre slik lokalisering. | 2007 kontinuerleg | 20.000 RR |
| b | Felles opptreden overfor sentrale styresmakter for å få fleire statlege arbeidsplassar til regionen og utvikle beredskap for flytting av statlege arbeidsplassar. | | |
| 1 | Kartlegge aktuelle statlege arbeidsplassar som kan vera aktuell å desentralisere | 2007 | eigen tid Arb.gr. ¹ |

^{1 1} Same arbeidsgruppe som for 3.a.1



| | | | |
|--|---|------|---|
| Mål 4: Helsefremmande tiltak i partnerskap skal fremme aktivitet, god helse og trivsel i befolkninga i Hallingdal | | | |
| Strategiar: | | | |
| a | Utvikle partnerskapsavtalane som er gjort saman med Buskerud fylkeskommune, til å bli eit regionalt samarbeid om folkehelse | | |
| 1 | Utarbeide regional folkehelseplan. (verktøy for tiltak som Grøn omsorg, IL@skolen , Friskliv, rett kosthold/fysisk aktivitet) | 2007 | eigen tid RU/Bfk |
| 2 | Vurdere etablering av Hallingdal Friluftsråd | 2008 | eigen tid RR |
| b | Gå inn i eit utviklingsarbeid for å synleggjera folkehelse i planarbeidet i regionen og i dei einstilte kommunane (Kan vera ein del av ein folkehelseplan?) | | |
| 1 | Utvikla konseptet "Inn på tunet Hallingdal" (http://www.innpaatumet.no/ (Noko kan passe for kommunalt nivå og noko for regionalt nivå) | 2007 | 300.000 ² RR/FMLA/ Bondelag |
| Mål 5: Vidareutvikle Hallingdal sjukestugu som distriktsmedisinsk senter | | | |
| Strategiar: | | | |
| a | Etablere eit formalisert samarbeid med Ringerike HF for å utvikle Hallingdal sjukestugu vidare som distriktsmedisinsk senter. | 2007 | eigen tid RR/RU |
| b | Utgreie eit forskings- og utviklingssenter ved Hallingdal sjukestugu i samarbeid med Helse Sør og Ringerike sykehus | 2007 | eigen tid RR/RU/RS |
| KOMPETANSE | | | |
| Mål 6 Innbyggjarane er Hallingdal sin viktigaste ressurs – me vil ta vare på og utvikle kompetansen i regionen. | | | |
| Strategiar: | | | |
| a | Utvikling av opplæringstilbod gjennom auka samhandling mellom utdaningsinstitusjonar på høgskule og vgs. nivå og regionalt næringsliv. | | |
| 1 | Kartlegge behovet for desentralisert høgskuleutdanning og gjennomføre desse. | 2007 | 50.000 RR/Kompe- tansenettverk |
| 2 | Forprosjekt for å få fokus på forskning og høgskuleutdanning knytt opp mot lokale kompetansesenter (som DBC Næringshage) og vidaregåande utdanning. | 2007 | 50.000 RR/vgs/DBC/ andre |

² 100.000 frå Regionrådet, 200.000 frå FMLA



| | | | | |
|--|---|--------------|----------------------|-------------------------|
| b | Satsing på kompetansesentra innan næringsutvikling, kultur, reiseliv, landbruk og helse | | | |
| 1 | Partnerskapsavtale med DBC-Næringshage | 2007-2010 | 300.000/år | RR/DBC |
| 2 | Arbeide for etablering av nasjonalt forskingssenter for reiseliv i Hallingdal | 2007 | 50.000 | RR/HR ³ |
| 3 | Arbeide for status som Norwegian Centres of Expertise | 2007 | 400.000 ⁴ | RR/næringsliv |
| 4 | Utvikle Ål vidaregåande skule, avd. Lien (tidligere Lien landbruksskule), til eit kompetansesenter på brei basis. | 2007-2010 | - | Bfk/RR |
| 5 | Satse på å bygge opp utviklings- og kompetanseprosjekt innan alternativ energi i eit samarbeid med næringslivet. | 2007-2008 | - | Hkn/ Næringsliv/RR |
| 6 | Bygge opp næringshagar (veksthus) i alle kommunane, desse må stå saman i nettverk. | | | Kommunane |
| c | Auke entreprenørskaps- og innovasjonsevna. | | | |
| 1 | Auka satsing på entreprenørskap i skolen, m.a. Ungt entreprenørskap Hallingdal, grunnskule | 2007-2008 | 640.000 ⁵ | RR/NHO |
| 2 | "Gründerklekkeriet" | kontinuerleg | ⁶ | DBC |
| 3 | Desentralisert inkubatortilbod for Hallingdal | kontinuerleg | ⁷ | DBC |
| 4 | Yrkesmessa | 2008 | 200.000 | RR |
| 5 | Bistand til etablerarar (Hallingdal Etablerersenter) | kontinuerleg | 250.000 ⁸ | RR |
| Mål 7 Kulturliv, næringsliv og det offentlege skal stimulere kvarandre for å utvikle Hallingdal til ein profilert kulturregion. | | | | |
| Strategiar: | | | | |
| a | Ta vare på kulturarv og kulturmiljø som ressurs for verdiskaping og stadsutvikling m.a. gjennom kommunale planar. | | | |
| 1 | Vurdere etablering regionalt fotoarkiv. | 2008 | - | RR/Arkiva |
| 2 | Verdiskaping innan kulturminneområdet, med bakgrunn i MD og Riksantikvaren sitt program (2006 – 2010) | 2007-2010 | 50.000/år | RR/RU/Hallingdal Museum |
| 3 | Etablere eit regionalt kulturutval | 2008 | 20.000/år | RR |

³ HR=Hallingdal Reiseliv

⁴ Ekstern finansiering

⁵ 320.000 løyvd av Regionrådet/Bfk og 320.000 frå NHO

⁶ Som ein del av 6.b.1

⁷ Som ein del av 6.b.1

⁸ Kommunale tilskot kjem i tillegg



| | | | | |
|---|--|--------------|---------------|--------------------------|
| 4 | Styrking av vertsskapsrollar med fokus på formidling av lokal tradisjon og kultur. | kontinuerleg | 30.000/år | RR |
| b | Utvikle næringsverksemd med basis i regionen sin kulturelle aktivitet | | | |
| 1 | Gardnosbreksja som internasjonal attraksjon, oppfølging/vidareutvikling av kommunalt prosjekt | 2007-2010 | - | Nes kommune |
| 2 | Hallingdal Museum som regional institusjon i samspel kultur/turisme | kontinuerleg | 100.000 | HM/HR |
| 3 | Utvikle/marknadsføre nisjeprodukt og andre opplevingar med basis i lokal tradisjon. | 2007-2010 | ⁹ | HR |
| 4 | Utvikle betre og felles informasjon om aktivitetar og tilbud på tvers av kommunane (kva skjer) | 2007 | - | RR/RU |
| c | Vidareutvikle Ål kulturhus som det regionale kulturhuset | | | |
| 1 | Opprette regional produsentstilling med base Ål kulturhus og verksemd i heile Hallingdal | 2008 - | ¹⁰ | Ål kommune |
| 2 | Vurdere samling av sentrale aktørar innan kulturformidling/kulturproduksjon og reiseliv/næring under same tak. | 2007-2008 | 50.000 | Ål kommune ¹¹ |
| INNOVASJON, NÆRINGSLIV (bulyst) | | | | |
| Mål 8 Etablere utviklingsarenaer for innovasjon og nyskaping | | | | |
| Strategiar: | | | | |
| a | Legge til rette for bransjar med særleg vekstpotensiale gjennom samhandling. | | | |
| b | Bidra til etablering og vidareføring av bransjearenaer/bedriftsnettverk | | | |
| 1 | ValHall – felles rekrutterings og entreprenørskapsprogram for Valdres og Hallingdal | 2007-2010 | 40.000/år | DBC/RR |
| | Oppsøke høyskoler for å synleggjøre Hallingdal som arbeidsregion. (del av 8.b.1) | | - | RR/DBC |
| 2 | Vidareutvikling/drifting av www.ressurspersoner.no | 2007-2010 | 40.000/år | RR/DBC |
| 3 | Felles oversikt over næringsområde?? | | - | |
| 4 | Opprette interkommunalt etableringsfond | | - | |
| c | Vidareutvikle Hallingdal Etablerersenter | 2007-2010 | | HE |

⁹ Støtte ligg i tiltak 9.a.1

¹⁰ Full stilling som kan finansierast med sal av tenester til ulike enkelt-produksjonar og t.d. faste oppgåver for Hallingdal teaterverkstad og kulturskulane.

¹¹ Andre aktørar er t.d. Hallingdal Teaterverkstad, kulturavdelingane i kommunane, reiselivsaktørar., private kulturformidlarar



| Mål 9 Vidareutvikle Hallingdal til den fremste reiselivsregionen i landet. | | | | |
|---|---|--------------|------------|-----------------------------------|
| | Strategiar | | | |
| a | Støtte opp om reiselivssamarbeid | | | |
| 1 | Støtte opp om felles reiselivsselskap Hallingdal Reiseliv (Hallingdal Reiseliv må vera Hallingdals felles organ på reiseliv med fokus på felles merkevarebygging, samarbeid, kompetanse og kvalitet.) | 2007-2010 | 800.000/år | RR/HR |
| 2 | Gjera Hallingdalselva (også andre elvar og fiskevatn i Hallingdal?) til innlandsnorges mest attraktive fiske elv. (eller "Hallingdal, ørretens rike") | 2007-2010 | 50.000/år | Elveigarlag/ ECO/HR/RR/ DBC |
| 3 | Vurdere oppretting av eit kontaktutval for reiselivet som kan ha halvårlege dialogmøter med representantar frå kvar kommune. | kontinuerleg | eigen tid | |
| 4 | Eigen EU-lobbyist frå Hallingdal i Brussel. (BTV) | | | |
| b | Betre samspel og heilskapleg tenking mellom tradisjonelle reiselivsbedrifter, landbruksbaserte tilbod, kultur- og opplevingstilbod og anna næringsliv. | | | |
| 1 | Initiativ for å setja i gang prosjekt der aktivitetstilbod knytt til landbruk blir kopla saman med utvalte reiselivsbedrifter. | 2008 | 100.000 | HR/RR/ Bondelaga |
| c | Arbeide for betre rammevilkår for reiselivsnæringa. | | | |
| 1 | Fellesgodefinansieringen | 2007 | eigen tid | RR |
| d | Utvikle og profilere innfallsportane til Hallingdal | | | |
| 1 | Arbeide for å etablere informasjonssenter ved Hallingporten (Gulsvik) | 2007 | - | Flå kommune/ RR/HR |
| 2 | Vurdere velkomstportalar ved andre innfartsvegar til Hallingdal. | 2007 | eigen tid | RR/HR |
| e | Skapa sterkare forankringar til hyttefolket | | | |
| 1 | Etablere årlege kontaktmøte mellom kommunane si leiing og hytteeigarar (gjennom velforeiningar eller andre fora) etter Nes-modellen. | kontinuerleg | eigen tid | Kommunane |
| 2 | Utarbeide lokal (regional) informasjon som kan sendast tomtekjøpar/hyttebyggjar tidleg tidspunkt. | 2008 | - | Kommunane |
| Mål 10 Landbruket skal vera ei sterk næring i Hallingdal | | | | |
| | Strategiar | | | |
| a | Støtte tiltak som gjer det attraktivt for ungdom og satse på ei framtid innanfor primærnæringane. | | | |
| 1 | Stimulera til gards- og utmarksbasert turisme (Grøn turisme). | kontinuerleg | eigen tid | Bondelag/HR |



| | | | | |
|---|--|--------------|-----------------------|-------------------------|
| 2 | Permanent kurs- og rådgjevingstilbod til unge bønder til ein låg pris. (Etableraargrupper, mentortilbod, studieturar, nettverksgrupper m.m.) | 2007 | - | HE/Landbrukes fagsenter |
| b | Utvikle småskala matproduksjon, stimulere til høgare foredlingsgrad og legge til rette for betre distribusjon. | | | |
| 1 | Utgjeie nisjeløysingar for landbruket i regionen (t.d.Hallingkost) | 2007 | 100.000 | Bondelaga |
| c | Vurdere næringsmessig utvikling av fjellområda. Utvikle kulturlandskap som t.d. stølsområda, som ein viktig ressurs, i ei næringsmessig utvikling. | | | |
| 1 | Etablere prosjekt mellom reiselivet og landbruket, | 2008 | - | HR/Bondelaga |
| 2 | Støtte tiltak for auka (bruk) produksjon av bioenergi | 2007-2010 | - | RR |
| | | | | |
| INFRASTRUKTUR | | | | |
| Mål 11 Utvikle effektive, trafikksikre og miljøvennlige kommunikasjonsårer | | | | |
| | Strategiar: | | | |
| a | Vidareutvikling av hovudvegane til/frå Hallingdal. | | | |
| 1 | Påverke til at Ramsrudhellingane og Sokna –Ørgenvika blir gjennomført med byggstart 2007-2008. | kontinuerleg | | RR |
| 2 | Arbeide for at Rv7/Rv52 får ein nødvendig standardheving både i forhold til vedlikehald og trafikktryggleik | kontinuerleg | 200.000 ¹² | RR |
| 3 | Sikre at Rv7 over H.vidda og Rv50 Hol/Aurland blir prioritert som fullverdige vinterbrøyta vegar | kontinuerleg | | RR |
| 4 | Sette spesielt fokus på trafikkfarlige punkt på hovedvegane, og samarbeide om tiltak som er ønskelig i flere av kommunene (feks rundkjøring ved innkjøringen til tettstedene) | kontinuerleg | | RR |
| b | Vidareutvikle Bergensbanen og arbeide for realisering av Ringeriksbanen | | | |
| 1 | Regionrådet intensiverar innsatsen i arbeidet til Forum Nye Bergensbanen. (For å støtte arbeidet med Bergensbanen skal Regionrådet oppnemne ei effektiv og offensiv arbeidsgruppe (3 medl) for å støtte opp om FNBs arbeid regionalt.) | 2007-2010 | 30.000/år | RR |
| 2 | Samordna transporttilbod med chartertog til området (København – Hallingdal, Oslo – Hallingdal). | kontinuerleg | | HR |

¹² Midlar avsatt i samband med kompensasjon arbeidsgjevaravgift



| | | | | |
|--|---|--------------|-----------|-----------|
| Mål 12 Det Digitale Hallingdal¹³ skal vera med å gje innbyggjarar og næringsliv ein enklare kvardag og fremje verdiskapning. | | | | |
| | Strategiar: | | | |
| a | Legge til rette for tilgang til Internett og digitale tenester. | | | |
| 1 | Utvikle breidbandnett i Hallingdal i samarbeid med Hallingdal kraftnett, og sikre rutinga heilt fram til Oslo. | 2007-2010 | 14 | Hkn/RR |
| 2 | Trådløst Hallingdal | | | |
| b | Betre digital samhandling mellom offentlege verksemdar på tvers av forvaltningsnivåa | | | |
| 1 | Arbeide aktivt mot regionale/statlege nivå for å utnytte lokale løysingar best mogeleg | kontinuerleg | eigen tid | RU |
| Mål 13 Vidareutvikle attraktive tettstadar i Hallingdal | | | | |
| | Strategiar: | | | |
| a | Utvikle dei ulike kommunesentra sine fortrinn innan handel, service, tradisjonar og kultur. | | | |
| 1 | Fellesprosjekt om sentrumsutvikling i Hallingdal | 2008 | 100.000 | RR |
| b | Samarbeide om konkrete prosjekt gjennom ulike partnerskapsløysingar og kommuneplanprosessar | | | |
| 1 | Legge til rette for at alternative fornybare energikjelder kan takast i bruk i alle nye private og kommunale utbygningar. | kontinuerleg | - | kommunane |

¹³ Det Digitale Hallingdal = arbeidstittel på felles IKT satsing i Hallingdal

¹⁴ Hallingdal Kraftnett har påteke eit ansvar for utbygging av hovudnett i Hallingdal